

Agder Sekretariat
Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

BYGLAND KOMMUNE - KONTROLLUTVALGET

Medlemmer:	Varamedlemmer:
Hallvard Lauvdal, leiar	Knut A. Austad, 1. varamedlem
Olav Lidtveit, nestleiar	
Marit Taksdal	
Sigmund Lien	
Åse Heistein	

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid: Onsdag 4. mars kl. 09.00

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen

Saksliste:

SAK 01/15 GODKJENNING AV MØTEBOK

SAK 02/15 ÅRSMELDING 2015 FRÅ KONTROLLUTVALET

SAK 03/15 FORVALTNINGSREVISJON

Referatsak:

R 01/15 Årsrapport 2014 Skatteoppkrevjaren i Bygland kommune

Eventuelt

Byglandsfjord, 24. februar 2015

Halvard Lauvdal
Leiar

Kjell Ivar Hommen
Utvalssekretær

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 38 35 14 09
Mobiltelefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 38 35 52 77
Mobiltelefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

Kopi sendt elektronisk til:

Ordfører
Rådmann
Revisor
Setesdølen
Jorunn S. Tveiten

Eventuelle forfall kan gjevast til Kjell Ivar Hommen, tlf. 975 10298.

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 38 35 14 09
Mobiltelefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 38 35 52 77
Mobiltelefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 02/15

Møtedato: 04.03.2015

Sakshandsamar: kih

SAK 03/15 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2014

Vedlegg:

- **Framlegg til årsmelding for 2014**

Sekretær har utarbeida framlegg til årsmelding for Bygland kontrollutval 2014.

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga for 2014 vert vedteken.

Bygland kommune

Kontrollutvalet si årsmelding 2014



KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR

Kommunestyret har etter Kommunelova § 76 det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kontrollutvalet skal etter Kommunelova § 77 stå føre det jamlege tilsynet med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegne.

Kontrollutvalet si samansetjing

Kommunelova og forskrift for kontrollutval har bestemte krav til kven som kan veljast som medlemmer av kontrollutvalet. Det heiter mellom anna at eit medlem av kontrollutvalet ikkje kan vere medlem eller varamedlem av kommunalt styre eller nemnd med mynde til å gjere vedtak eller er tilsett i kommunen.

Det er for perioden 2011-2015 fem medlemmer i kontrollutvalet. Dette er:

Leiar:	Hallvard Lauvdal
Nestleiar:	Olav Lidtveit
Medlem:	Marit Taksdal
Medlem:	Sigmund Lien
Medlem:	Åse Heistein

KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD M.M.

Kontrollutvalet sitt sekretariat

Kontrollutvala i Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Lindesnes, Lyngdal, Mandal, Marnardal, Sirdal, Valle og Åseral har felles sekretariat gjennom Agder Sekretariat, som er eit selskap danna etter § 27 i kommuneloven.

Sekretariatet har 2 tilsette og har kontorstad i Kvinesdal kommune.

Sekretariatet sine oppgåver er fastsett i Forskrift for kontrollutval og selskapet sine vedtekter. Det skal mellom anna sjå etter at dei sakene som vert handsama i kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Kontrollutvalet sine møter

I løpet av 2014 har det vore 4 møter og handsama 10 saker. I tillegg kjem referatsaker og orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møter vert halden i kommunehuset på Bygland.

Rådmannen og/eller rådmannen sine medarbeidarar har vert invitert til kontrollutvalsmøter for å orientere om saker som utvalet har hatt ønske om å få ein breiare kunnskap og informasjon om. Dette gjeld mellom anna tilhøve kring asylmottak i Bygland.

Etter kontrollutvalet si forskrift § 18 skal kontrollutvalet legge frem forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet handsama forslag til budsjett for Kontroll og Tilsyn for 2015 i sitt møte den 15. oktober 2014 og vart send til kommunen i tråd med forskrifta, som seier at forslaget skal følgje med formannskapet sitt framlegg til kommunebudsjett ved kommunestyrehandsaminga.

Kontrollutvalet sine oppgåver

I forskrift om kontrollutval § 4 heiter det:

”Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning. Utvalget kan ikke overprøve politiske prioriteringer som er foretatt av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organer.”

Kontrollutvalet skal sjå etter at:

- kommunens rekneskap vært revidert på ein forsvarleg måte
- det vær gjennomført forvaltningsrevisjon og gitt fullmakt til kommunerevisjonen om å gjennomføre forvaltningsrevisjon innanfor tildelte budsjetterrammer
- det blir gjennomført selskapskontroll
- resultata av sitt arbeid blir rapportert til kommunestyret
- administrasjonens oppfølging av revisjonsmerknader blir rapportert til kommunestyret

Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teiesplikt, krevje ein kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og gjera dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå etter at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Bygland kommune har brukt Setesdal Revisjonsdistrikt IKS i mange år, og kontrollutvalet meiner at dette er ei forsvarleg revisjonsordning.

Ansvarleg revisor har lagt fram erklæring om si sjølvstende til kommunen.

Revisor orienterer jamleg om saker som vert teken opp med rådmannen. Dette vert gjort gjennom nummererte brev eller med munnleg orientering til utvalet.

Kommunerekneskapen for 2013 vart handsama i kontrollutvalet 21. mai 2014. Revisjonen gav si revisjonsmelding 13. mai 2014.

Revisor gjorde ei presisering i si melding. Denne lyder slik:

”Vi gjør oppmerksom på følgende budsjettoverskridelser:

Rammeområde 3 Tenestetorg har en budsjettoverskridelse på 7,8%, dvs. kr 211 459,-.

Rammeområde 6 Ped. Fellestjenester har en budsjettoverskridelse på 15,7%, dvs. kr 146 543,-.

Rammeområde 7 Frivillig sentralen har en budsjettoverskridelse på 18,5%, dvs. kr 69 173,-.

Presiseringene har ingen betydning for vår konklusjon til regnskapet.”

På bakgrunn av dette gav kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen for 2013 i samsvar med kontrollutvalsforskriftas §7.

Kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon

Det er kontrollutvalet som etter kommunelova sine føresegner har ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette går fram av §77, nr. 4 som har følgjande ordlyd:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon.)”

Kapittel 5 i forskrift om kontrollutval inneheld utfyllande føresegner om kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon. Ifølge forskrifts § 10 skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Resultatet av gjennomført forvaltningsrevisjon skal rapporterast til kommunestyret (jf. forskriftas § 12).

I Bygland kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for 2012-2015 er desse prosjekta med:

- 1. Drift og økonomisk styring av pleie- og omsorgssektoren**
- 2. Sakshandsaming av enkeltsaker innafor heimehjelp, heimesjukepleie, korttids- og langtidsopphald.**

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Det er ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon i 2014.

I sitt møte 4.12.2013 tinga utvalet prosjektet ” Drift og økonomisk styring av pleie- og omsorgssektoren» av Setesdal Revisjonsdistrikt IKS. I møte 12. februar 2014 vart det lagt fram ein prosjektplan frå revisor kor det heiter at: *...det er derfor ikkje realistisk at dette prosjektet kan leveres før i årsskiftet 2014/2015. Det vil være naturleg å komme tilbake til eksakt leveringstidspunkt.»*

I møte 15.10.2014 orienterte revisor om at Setesdal Revisjonsdistrikt IKS ikkje hadde kapasitet til å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet i denne valperioden.

Kontrollutvalet vil seie seg lei for at det ikkje er gjennomført forvaltningsrevisjon i denne valperioden, noko som ikkje er i samsvar med kommunelovas § 77 og § 9 i Forskrift om kontrollutval. I forskrifta går det fram at « *Kontrollutvalget skal påse at kommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.»*

Kontrollutvalet sine oppgaver ved selskapskontroll

Etter endringar i kommuneloven og tilhøyrande forskrifter med verknad frå 1.7.2004, er kontroll og tilsyn med kommunalt eigde selskap ein prioritert oppgave, og det er tatt inn egne føresegner om selskapskontroll, jf. kommunelovens §77, nr. 5 og § 80. Selskapskontrollen består av ein obligatorisk del som går ut på å føra tilsyn med forvaltninga av eigarinteressene i

selskapet (eigarskapskontroll) og ein frivillig del, som medfører at det også kan gjennomførast forvaltningsrevisjon når kontrollutvalet eller kommunestyret finn det naudsynt eller ønskeleg. Selskapskontroll skal gjerast på bakgrunn av plan for selskapskontroll, som kommunestyret skal vedta.

Plan for selskapskontroll for 2012-2015 vert handsama i kontrollutvalet i møte 20. februar 2013.

Gjennomføring av selskapskontroll

Det vart i 2013 gjennomført selskapskontroll i Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS etter tinging av Evje og Hornnes kontrollutval. I årsmeldinga for 2013 vart det sagt at rapporten skulle handsamast i 2014, men dette er ikkje gjort, då rapporten ikkje inneheld den obligatoriske delen (eigarskapskontrollen) som gjeld Bygland kommune sine eigarinteresser i selskapet.

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Bygland kommune

Sak 03/15

Møtedato: 04.03.2015

Sakshandsamar: kih

SAK 03/15 FORVALTNINGSREVISJON

Vedlegg:

- Brev frå ordførar Leiv Rygg, datert 20.01.2014 m/ vedlegg

Vurdering:

Saka vert lagt fram til drøfting i kontrollutvalet.



Bygland kontrollutval
v/Agder sekretariat
Kjell Ivar Hommen

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2014/310-14	Leiv Rygg leiv.rygg@bygland.kommune.no	20.01.2015

ØNSKE OM FORVALTNINGSKONTROLL - DRIFT AV ASYLMOTTAK PÅ VERKSMOEN I BYGLAND

Vi ber om at Bygland kontrollutval gjennomfører forvaltningskontroll av saka som gjeld drift av asylmottak på Verksmoen i Bygland.

Rådmann og ordfører orienterte om saka i møte i kontrollutvalet før jul. Då vart det m.a. opplyst at saka var sendt til Fylkesmannen i Aust-Agder. Fylkesmannen har no handsama saka - sjå vedlegg – og kome til at det ikkje skal gjennomførast lovlighetskontroll, men ber kommunen å gjere ein formell gjennomgang av saka sett opp mot sett opp mot dagens situasjon.

Vi finn at Fylkesmannen sitt ønske vert best etterkome om kontrollutvalet tek ein forvaltningskontroll av saka, og ber difor om at de vurderer om de kan ta på dykk dette.

Med helsing
Bygland kommune

Leiv Rygg
Ordfører

Vedlegg

- 1 Drift av asylmottak på Verksmoen i Bygland
- 2 Fylkesmannen sitt svar på oppmoding om lovlegheitskontroll - sak vedr. Bygland - gnr/bnr 35/7 og 35/14- drift av asylmottak på Verksmoen i Bygland

Kopi til:
Aasmund Lauvdal



Pettersen Vestbakke & Co
v/advokat Alf Ånund Breive
Postboks 737
4666 Kristiansand S

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2014/310-0	Aasmund Lauvdal aasmund.lauvdal@bygland.kommune.no	14.01.2015

DRIFT AV ASYLMOTTAK PÅ VERKSMOEN I BYGLAND

Vi syner til brev av 26.11.14 samt brev til Fylkesmannen i Aust-Agder av 05.12.14.

Bygland kommune tek til etterretning at Fylkesmannen ikkje går vidare med lovlighetskontroll av saka.

Fylkesmannen anbefaler Bygland kommune å ta ein formell gjennomgang av saka. Bygland kommune tek dette til følge, og vil be kontrollutvalet gjennomføre forvaltningskontroll av saka.

Med helsing
Bygland kommune

Aasmund Lauvdal
Rådmann

Leiv Rygg
Ordfører

Kopi: Kjell Rune Heia
Bygland mottak
Fylkesmannen i Aust-Agder



Adv. Olav Andreas Bryge
Postboks 737
4666 Kristiansand S

Deres ref.
Dok.nr. 194880/ 19664

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
Sak nr. 2014/4911 / FMAAEJO

Dato
11.01.2015

Fylkesmannens svar på anmodning om lovlighetskontroll - sak vedr. Bygland - gnr/bnr 35/7 og 35/14- drift av asylmottak på Verksmoen i Bygland

Det vises til deres brev til Fylkesmannen av 27.11.2014 og 05.12.2014 på vegne av nabo/grunneier Kjell Rune Heia, gnr/bnr 35/16, samt til tidligere sendt kopi av brev til Bygland kommune av 26.11.2014.

Det anmodes om at Fylkesmannen iverksetter lovlighetskontroll på bakgrunn av ordførerens håndtering av sak om asylmottak i tidligere Bygland Hotell, med spørsmål om ordføreren har brutt kommunelovens bestemmelser og kommunens eget delegasjonsreglement.

Det vises til at ordføreren i brev til Bygland Mottak 20.11.2014 har gitt uttrykk for at det ikke er nødvendig med dispensasjonsbehandling etter plan- og bygningsloven for igangsettelse av driften av mottaket, idet det vises til at gjeldende reguleringsplan fikk et nytt punkt i reguleringsbestemmelsene under 1. *Reiseliv: «Bygninger til rekreasjon, opptrening, utføring, rehabilitering, medisinsk behandling.»*

Dere hevder at dette er en feil vurdering, og at korrekt saksbehandling fremgår av administrasjonens notat av 14.10.2014.

Videre hevdes det at ordføreren har tatt stilling i en sak som det ligger til plan-, miljø- og ressursutvalget (PMR) å avgjøre, jf. utvalgets oppgaver, delegert av kommunestyret i medhold av kommuneloven § 10.

Overnevnte brev er oppgitt å ha en sentral betydning for UDIs tildeling av kontrakt til Tokla AS, som står for driften av asylmottaket.

Fylkesmannens myndighet til å føre kontroll med lovligheten av kommunale avgjørelser av eget tiltak, eventuelt etter henvendelse fra privatpersoner, følger av kommuneloven § 59 nr. 5.

I Kommunaldepartementets veileder fremgår at det bør hefte usikkerhet ved en avgjørelses gyldighet før myndigheten til lovlighetskontroll av eget tiltak benyttes, at myndigheten til lovlighetskontroll av eget tiltak må brukes med varsomhet, og at det i stor utstrekning til være opp til Fylkesmannens skjønn når adgangen skal brukes. Det foreligger således ingen rettighet for den enkelte til å få en sak vurdert.

Fylkesmannen har *ikke* funnet grunnlag for å gå videre med saken iht. kommuneloven § 59 nr. 5, men finner likevel grunn til å bemerke følgende:

Det er reist spørsmål om ordføreren med brevet av 20.11.2014 har gått ut over sine fullmakter i saken. En må da først se på innholdet i brevet og eventuelt hvilke rettsvirkninger brevet medfører. Brevet gir en bekreftelse til Bygland Mottak om at (sitat):

Bygland kommune bekreftar at alle naudsynte løyve frå Bygland kommune, i høve til mottaksdrift ved Bygland Hotell, låg føre på tidspunkt for tildeling av avtale. Dette gjeld både gnr/bnr 35/14 (hotellet) og 35/17 (hyttene).

I brevet redegjøres det som nevnt for at en anser at mottaksdriften ligger innenfor reguleringsformålet, jf. endring i bestemmelsene vedtatt i Teknisk Utval i sak 59/00, den 13.07.2000. Det vises videre til at eiendommen ble benyttet til asylmottak frem til nyttår 2013/14, og at det i forbindelse med oppstarten av denne perioden i 2008 ble vurdert bruksendring med nødvendig ombygging og brannkrav. Det er videre nevnt at det den gang ble gjort en muntlig vurdering av forholdet til reguleringsbestemmelsene, noe som indirekte skal komme frem i brevet fra kommunen til Knut William Bygland 30.10.2008.

Fylkesmannen oppfatter etter dette det slik at brevet til Bygland Mottak av 20.11.2014 fra kommunens side er ment som en bekreftelse på at mottaket kan starte opp innenfor rammen av den tidligere gitte tillatelse (2008), og at det *ikke* er nødvendig med ny søknad.

Fylkesmannen vil bemerke at å fastslå at et tiltak ikke er søknadspliktig i utgangspunktet er en prosessledende beslutning som *ikke* kan påklages. Å ta stilling til søknadsplikten er heller ikke blant de oppgaver som er delegert til PMR.

Fylkesmannen har merket seg at administrasjonen i sitt saksfremlegg til PMR har tilkjennegitt en annen oppfatning av søknadsplikten enn det som fremgår i brevet av 20.11.2014. Saksfremlegget ser imidlertid ut til å bygge på kunnskapen om reguleringsplanen slik den var *før* endringen av bestemmelsene i 2000, og tar derfor ikke i betraktning denne endringen. Slik en kan lese brevet av 20.11.2014, har kommunen endret sitt syn på søknadsplikten, etter å ha blitt oppmerksom på nevnte reguleringsendring. Fylkesmannen har ingen innvendinger til dette.

Videre vil Fylkesmannen peke på at rådmannen, som øverste leder av administrasjonen, har undertegnet brevet sammen med ordføreren. Selv om ordføreren står som saksbehandler, kan Fylkesmannen ikke se at ordføreren har handlet kritikkverdig ved å sende brevet sammen med rådmannen.

Fylkesmannen kan på bakgrunn av overnevnte ikke se grunn for å gå ytterligere inn i saken med hjemmel i kommuneloven § 59 nr. 5.


Fylkesmannen vil likevel anbefale kommunen å foreta en formell gjennomgang av saken, som en kvalitetssikring av saksbehandlingen sett opp mot dagens situasjon.

Med hilsen

Eva Jørlo
avdelingsdirektør

Brevet er elektronisk godkjent og sendes uten underskrift.
Saksbehandler: Eva L Jørlo, telefon: 37017556

Kopi til:
Bygland kommune v/ordfører Sentrum 4745 Bygland



Årsrapport for 2014

**Skatteoppkrevjaren i
Setesdal**

Bygland kommune

Innhald

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret	3
1.1.1 Ressursar	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll.....	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret	4
1.4 Skatteutval.....	4
2. Skatterekneskapen	4
2.1 Avlegging av skatterekneskapen	4
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2013	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2014	5
2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga	5
3. Innkrevjing av krav.....	5
3.1 Restanseutvikling	5
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav.....	5
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar.....	6
3.1.3 Restansar eldre år	7
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år.....	7
3.2 Innkrevjinga si effektivitet	7
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014.....	7
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat	8
3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve.....	8
3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga.....	8
3.3 Særnamskompetanse	8
4. Arbeidsgjevarkontroll	8
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	8
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar	9
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen	9
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	9
4.6 Gjennomførde informasjonstiltak	9

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	0,4	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,08	20 %
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,20	50 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,10	25 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar		%
Skatteutval		%
Administrasjon	0,02	5 %
(Andel fordelt skal være 100%)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjarfunksjonen i Bygland blir utført på skatteoppkrevjarkontoret i Evje og Hornnes kommune. Kontoret har og skatteoppkrevjarfunksjonen for kommunane Valle og Bykle. I februar 2014 blei funksjonane samordna, og kontoret fekk namnet Skatteoppkrevjaren i Setesdal.

Skatteoppkrevjarkontoret på Evje har vore besett med tre personer: Skatteoppkrevjar som har vore tilsett i 90 % stilling, samt to medarbeidarar som kvar arbeidar 20-50 % med skatt i tillegg til andre kommunale oppgåver.

Kontoret er fortsatt lite. Skatteoppkrevjar har hovudansvaret for skatterekneskapen, sakshandsaming og tyngre innkrevjing. Den eine medarbeidaren har hovudansvaret for banken (godkjenningar, avstemmingar og avrekningsrapportar) samt ein del andre jamlege kontroller. Den andre har hovudsakleg halde på med innkrevjing.

Vi synes det er viktig at alle tre medarbeidarane har kjennskap til flest muleg oppgåver, for på den måten å være betre rusta med omsyn til ferieavvikling og eventuelt sjukefråvær.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Skatteoppkrevjarfunksjonen for Bygland er berekna til å utgjere ca. 0,4 årsverk.

0,3 årsverk utførast på skatteoppkrevjarkontoret på Evje, mens det i 2014 blei brukt 0,1 årsverk til kontrollverksemd utført av Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Agder.

I) Skatteregnskap og Innkrevjing

Både skatteoppkrevjar og dei to andre medarbeidarane har deltatt på kurs og liknande i året som har gått. Det er naudsynt for å holde seg oppdatert.

Vi satsar fortsatt på å delta på kurs og samlingar i året som kjem. På den måten håper vi å auke kompetansen ytterlegare.

II) Arbeidsgjevarkontroll

Bygland kommune er medlem av Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Agder. Dette fungerer veldig bra, og vi føler at kompetansen der er særskild god.

1.2 Internkontroll

Vi legger stor vekt på å fylgje lovar og reglar som er pålagt oss. Kontoret har ei eiga internkontrollhandbok som inneheld 20 rutinebeskrivingar.

Da vi hadde kontrollbesøk frå Skatt sør i sommar, fekk vi gode tilbakemeldingar på korleis våre kontrollrutinar vert utført.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Den totale skatteinngangen var i 2014 på kr 99 578 138. Dette er ein nedgang på ca. 789 000 i forhold til året før. Nedgangen er på 0,79 %.

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret 2014 gjekk ned frå kr 26 162 412 i 2013 til kr 26 131 563 i år. Nedgangen er på nær 31 000. Dvs. 0,12 %.

1.4 Skatteutval

Det har vore sendt over ein sak til Skatteutvalet i 2014.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Setesdal stadfestar at skatterekneskapen for Bygland kommune 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningsliner, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføring, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollering.

Årsrekneskapen for 2014 følger som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2014	kr 0
For lite avsett margin for inntektsåret 2013	kr 822 430

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 12 %.

Gyldig frå: 07.08.2007

2.2.2 Margin for inntektsåret 2014

Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.12. 2014	kr 9 012 238
Gjeldande prosentats marginavsetning: 12 %.	Gyldig frå: 07.08.2007

2.2.3 Kommenterarar til marginavsetninga

Kommunen sette av for lite margin i 2013. Dette sjølv om prosentatsen var 12 % heile året.

Gjeldande prosentats reknast for å vere passande.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutvikling

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2014	Herav berostilt restanse 31.12.2014	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Endring i restanse	Endring i berostilt restanse
					Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	875 968	0	1 104 530	0	-228 562	0
Arbeidsgjevaravgift	6 572	0	0	0	+6 572	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	72 234	0	63 033	0	+9 201	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt person	42 659	0	113 702	0	-71 043	0
Forskotstrekk	0	0	0	0	0	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	16 875	0	19 349	0	-2 474	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	76 512	0	159 618	0	-83 106	0
Restskatt person	661 116	0	748 828	0	-87 712	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0		
Diverse krav	0	0	0	0		
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	875 968	0	1 104 530	0		

3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Det har i året som har gått vært ein nedgang i totale restansar. Nedgangen er på kr 228 562 eller heile 20,7 %. Dette er svært positivt.

Det blei ikkje ført **avskrivningar** i året som gikk.

Det har heller ikkje vore **ettergjevingar** eller **nedsetjingar i pensjonsgjevande inntekt** dette året.

Utlíkna skatt

Det har vore ein liten auke i utlíkna skatt for inntektsåret 2013.

For inntektsåret 2012 var utlíkna skatt kr 78 756 522, medan den for 2013 var kr 79 257 497. Auken er på omlag 0,5 mill. - eller 0,64 %.

Arbeidsgjevaravgift

Det har vore ein liten nedgang i arbeidsgjevaravgifta i forhold til sist år.

Utgåande balanse 2014 viser kr 14 802 007 mens UB 2013 viste kr 15 129 920. Nedgangen er på omlag 327.000 eller 2,17 %.

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2012	123 270	123 170
2011	112 571	95 508
2010	62 657	60 063
2009 – 19xx	340 176	-----

3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Det er vanskeleg å få inn eldre restansar, og det blir vanskelegare jo eldre krava blir. Noko får vi framleis inn. Elles er det jo ikkje store restansane i Bygland.

Restansen 2009 og eldre gjeld i all hovudsak tre skatteytarar.

Ein av desse har hatt gjeldsordning. Denne vart mislighaldt og ordninga vart oppheva. Vi har nå utleggstrekk på denne skattytaren.

Ein annan har gjeldsordning som går fram til 2016. Den tredje fekk stadfesta gjeldsordning hausten 2014.

Resten av dei gamle restansane er i hovudsak sikra ved utlegg mot forelding.

Restanse 2010 og 2011 gjeld ein skatteytar. Vedkomande er personleg konkurs. Restskatten er framkomen ved skjønnslikning. Utarbeiding av sjølvmeldingar har ikkje medført redusert restskatt. Det kommer inn pengar gjennom utleggstrekk.

Restanse 2012 gjelder stort sett tre personar. To av dei har fått stadfesta gjeldsordning. Den tredje har vi utleggstrekk på.

Forelda krav pr. 31.12.2014: 1 stk.

Samla beløp på forelda krav pr. 31.12.2014: kr. 100.

Kontoret har gått gjennom rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2014.

3.2 Innkrevjinga si effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014

Kontoret nådde 6 av dei 7 oppsette innkrevjingsmåla pr. 31.12.2014 allereie i mai 2014.

Bare på «Innkrevja restskatt av sum krav til innkrevjing» nådde vi ikkje heilt opp. Det betyr likevel ingen ting så lenge resultatkravet på restskatt person vart nådd.

Når det gjeld utskriven forskotsskatt person 2013, hamna jamvel Bygland på delt andreplass (bland dei 23 kommunane i Skatt sør som har under 2.500 innbyggjarar) med resultatet 99,99 %.

Det er moro når dei på nyåret ringer frå Skatt Sør og kommenterer dei gode resultata. Positive tilbakemeldingar er inspirerende.

Vi er svært nøgde med innkrevjingsresultata i 2014.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Vi er raskt ute med å fylgje opp krav som er forfalt, og vi bruker telefoninkasso svært aktivt. Utleggstrekk vert sett i verk der det er mogleg, og utleggsforretningane held vi sjølv.

Vi nyttar motrekning i moms til gode samt i tilskot frå Landbruksdirektoratet. Vi har og blitt flinkare til å krevje tvangssal og sende konkursvarsel.

3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve

Det har ikkje vore nokon konkursar i Bygland kommune dette rekneskapsåret.

3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Vi vil framleis legge vekt på å komme raskt i gang med nødvendige innkrevjingstiltak etter at det maskinelle løpet (DTI) er kjørt.

Vi fylgjer tett opp dei skatteytarane som har lova oppgjer.

Samstundes vil vi fortsetje med å ha fokus på nye/unge skatteytarar med restansar.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjar bruker særnamskompetansen sin.

I 2014 vart det varsla 6 utleggsforretningar til skatteytarar i Bygland.

5 utleggsforretningar er haldne. I eit tilfelle fekk vi oppgjer før saka vart beramma.

At vi held utleggsforretning sjølv, bidrar til ei raskare sakshandsaming.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Bygland kommune er medlem av Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Agder.

I januar sender skatteoppkrevjar ei liste med forslag til kontrollobjekt.

Dersom det oppstår spesielle tilhøve (konkursar og liknande) endrar vi undervegs.

Samarbeidet fungerer bra. Vi har ein god dialog med leiar og kontrollørar, og vi er godt nøgd med jobben som utførast.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2014: 4 stk.

Som utgjør: 1,0 % av totalt tal LTO hos arbeidsgjevarane i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2014: 4 stk.

Som utgjør: 5,7 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2013: 4 stk.

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

I rekneskapsåret har det vore avdekka beløp i 2 av dei 4 avdekkingskontrollane.

Endring i inntektsgrunnlag er kr 85 000, mens endring i grunnlag arbeidsgjevaravgift har vært kr 6 395.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Kontoret vårt ligger over kontrollkravet som er 5 %. Dette er vi godt nøgd med.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Agder har dette året gjennomført eitt informasjonstiltak retta mot rekneskapsførarar/revisorarar.

I samband med innføring av A:ordninga 01.01.2015 har vi ringt rundt til dei arbeidsgjevarane som framleis leverer sine oppgåver på papir. Vi har informert dei om den nye ordninga, og samstundes bede dei om å levere terminoppgåve 2014/6 samt løns- og trekkoppgåver 2014 elektronisk.

Evje, 19.01.2015



Skatteoppkrevjar (signatur)

Vedlegg: Årsrekneskapan for 2014 - signert av skatteoppkrevjaren.

ÅRSREKNESKAP for Bygland kommune for inntektsåret 2014
Avlagt etter kontantprinsippet

		Valgt år	Forrige år
	Likvidar	9 219 998	9 918 885
	Skuldig skattekreditorane	-207 771	-881 317
	Skuldig andre	15	-2 385
	Innestående margin	-9 012 238	-9 035 180
	Udisponert resultat	-4	-3
Sum		0	0
	Arbeidsgjevaravgift	-14 802 007	-15 129 920
	Personlege skatteytarar	-79 404 238	-79 832 392
	Selskapsskatt	-5 427 510	-5 398 970
	Renter	59 860	3 444
	Innfordring	-4 244	-9 652
Sum		-99 578 138	-100 367 490
	Fordelt til Folketrygda - arbeidsgjevaravgift	14 802 006	15 129 920
	Fordelt til Folketrygda - medlemsavgift	23 774 866	22 199 550
	Fordelt til Fylkeskommunen	5 621 049	5 567 850
	Fordelt til kommunen	26 131 563	26 162 412
	Fordelt til Staten	29 248 653	31 307 758
	Krav som er ufordelt	1	0
Sum		99 578 138	100 367 490
Sum totalt		0	0

Evje, 19.01.2015



Skatteoppkrevjarens signatur

Forklaring til årsrekneskapen

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Skatterekneskapen viser skattar og avgifter mv som er innbetalt i rekneskapsåret.

Innbetalte skattar og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstal.

Sumlinjene i årsrekneskapen

- **Likvidar**

Likvidane i skatterekneskapen består av bankinnskot for skatt og eventuelt kontantar i skattekontor.

- **Skuldig skattekreditorane**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorane for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkrevjaren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorane seinast 10. januar.

Dersom dette er eit positivt beløp, har skatteoppkrevjaren ei fordring på skattekreditorane. Skattekreditorane skal innbetale dette beløpet til skatteoppkrevjaren seinast 20. januar.

- **Skuldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalingar, som ikkje er fordelt til skattekreditorane.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være eit lite beløp som kjem av øreavrunding i skatterekneskapssystemet.

- **Innbetalte skattar og avgifter, Renter, Innkrevjing**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgjevaravgift, forskotstrekk fråtrekt marginavsetjing, forskotsskatt for personlege og upersonlege skattytarar, restskatt og overskytande forskot for personlege og upersonlege skattytarar, kjeldeskatt, samt renter og gebyr.

- **Fordelt til skattekreditorane**

Dette er innbetalte skattar og avgifter, renter og gebyr som er fordelt til skattekreditorane.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være eit lite beløp som kjem av øreavrunding i skatterekneskapssystemet

